

Møtereferat

Politisk prosjektgruppe – politisk organisering

Møtedato: 26.11.2018	Møtestad: Møterom Anga, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Åsmund Berthelsen Håkon Myrvang Kari Valle Olve Grotle Gunn Merete Paulsen Mathias Råheim Oddmund Klakegg Ole John Østenstad Malin Moldestad Bjørnar Karlsen	Norunn Lunde Furnes Kari Iren Birkeland

Møteleiar: Åsmund Berthelsen	Møtereferent: Malin Moldestad
-------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	Gjennomgang av delegeringsmatrisa v/Ole John Østenstad <ul style="list-style-type: none"> • Delegeringsmatrisa gjev ei oversikt over kva utval som skal handsame prinsipielle saker innanfor ulike saksområde (lover), matrisa tek ikkje for seg avgjerdsmynde • Prosjektgruppa er oppteke av å møte fellesnemnda sine forventningar til meiningsfylt arbeid i hovudutvala, at dei får saker med politisk handlingsrom <ul style="list-style-type: none"> ○ Utfordrande at saksområde innan oppvekst og helse og omsorg i stor grad er lovregulert • Prosjektgruppa støtta fordelinga av saksområde mellom formannskapet og hovudutvala med nokre merknader <ul style="list-style-type: none"> ○ Ønskjer ei vurdering av om saker knytt til kyrkja og trudomssamfunn skal ligge til utval for oppvekst eller utval for samfunn, kultur og næring ○ Saker knytt til matrikkellova og eierseksjonsloven bør gå til same utval. 		

	<ul style="list-style-type: none"> ○ Nokre lover manglar, Folkehelseslova, Lov om matproduksjon og mattrygghet mv. og større lover som kommunelova, offentlegheitslova og forvaltningslova vart nemnt <ul style="list-style-type: none"> ▪ Ole John Østenstad tek ein ny gjennomgang av kva lover som bør inngå i reglementet 	OJØ	
2	<p>Prinsipielle saker</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektgruppa drøfta kva som vert rekna som prinsipielle saker • Kommunedirektøren må gjere ei vurdering av kva som er prinsipielle saker, men kommunestyret kan likevel trekke tilbake saker som er delegert til kommunedirektøren <ul style="list-style-type: none"> ○ Kommunedirektøren må sørge for å fange opp politiske signal gjennom orienteringssaker og andre verkemiddel som medarbeidarsamtale med ordføraren, varaordføraren, og to formannskapsmedlemmer • Praksis og reglement er ulike i kommunane og innbyggjarane i dei gamle kommunane kan ha ulike forventingar til kva saker som vert teke til politisk handsaming <ul style="list-style-type: none"> ○ Dette er utfordrande og kommunestyret må finne ein balanse, prinsipp om effektiv sakshandsaming og likebehandling må ivaretakast ○ Dette må gå seg til i ny kommune. Det kan vere nødvendig med nokre prinsipielle saker i starten, anten ei prinsipiell sak om nivået, eller fleire enkeltsaker 		
3	<p>Delegeringsreglement</p> <ul style="list-style-type: none"> • Gjennomgang av saksutgreiing i sak 007/18 «Delegeringsreglement for Førde kommune» i bystyret for å vise til detaljnivået det vert lagt opp til • Prosjektgruppa må ta stilling til delegering av fullmakter <ul style="list-style-type: none"> ○ I Førde har til dømes Rådmannen fullmakt til å gjere mindre endringar i reguleringsplan og fastsette tomteinndeling, og starte reguleringsplanarbeid for utbyggingsområde i arealdelen og å kunngjere slik oppstart. • Prosjektgruppa vil vurdere forma på reglementet, detaljnivået • Prosjektgruppa skal kome med ei tilråding til delegeringsreglement, men det er det nye kommunestyret som skal vedta reglementet • Det vert naudsynt med kontinuerlig revidering av reglementet 		
4	<p>Mindretalsanke</p> <ul style="list-style-type: none"> • Ole John Østenstad tilrår formuleringa i prosjektgruppa sitt førebelse forslag til reglement for politiske organ, med følgjande setning i Sandnes sitt reglement «Høvet til å framsette mindretalsanke gjeld ikkje for enkeltvedtak, jf. fvl. § 2 a og b.» • Prosjektgruppa støtter dette forslaget som ein førebels konklusjon 		

	<p>Delegert mynde til ordføreren</p> <ul style="list-style-type: none"> • Prosjektgruppa støttar delegert vedtaksmynde i hastesaker etter kommunelova § 11-8 første ledd • Prosjektgruppa er òg positive til delegert vedtaksmynde i saker som ikkje har prinsipiell tyding, som løyve til å servere alkohol ved tilskipingar der kommunen er vertskap • Ordføreren bør kome med innstilling i saker om politisk organisering eller andre saker av rein politisk karakter • Forslag om ein disposisjonspott til ordføreren 		
5	<p>Arbeidet vidare</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det vert meldt opp ei sak om hovudprinsipp for delegeringsreglement til møtet i fellesnemnda 12.12.18 • Det vidare arbeidet må byggje på hovudprinsippa som føresetnader for delegeringa, så må vi arbeide vidare med vedtaksmynde til hovudutvala, fullmakter m.m. • Neste møte 03.12.18 vert avlyst • Ole John Østenstad lagar eit forslag til delegeringsreglement • Malin Moldestad lagar eit forslag til møteplan som vert sendt ut med møtereferatet 	OJØ MM	

Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.